



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 13.11.2019

Møtebok Lavik sokneråd

Møtedato: 30.01.2020

Møtetid: kl. 19:00

Møtested: Lavik Kyrkjekontor (Møterom)

Tilstades: Tonje Førde Systad, Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Torunn Styve, Wenche Liljedal, Andreas Ester, Geir Sørebo, Bjørnar Otterstein

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Bjarne Hellebø, Olav Hellebø, Audun Engedal, Gerda Otterstein, Katarina Vattekær, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat fra siste møte.

Sakliste og referat fra sist møte vart gjennomgått og godkjent utan kommentar.

Meldingssaker

1/2020 Prestesituasjonen. Geir Sørebo er no vikar som 60% sokneprest i Lavik og Bjordal/Ortnevik i tillegg til Gulen i 40% fram til 30. april. Han må fordele kapasiteten etter etterspurnaden, då han også er i Vik fellesråd, og dessuten underviser på NLA. Andreas Ester er vikar som sokneprest i Høyanger og i Kyrkjebo.

Vedtakssaker

1/2020 Evaluering og oppfølging av bispevisitas. Vi tenker at vi bør sjå konklusjonen i biskopen sitt visitasføredrag i samanheng med essensen frå spørjeundersøkinga, og ta fatt i det som viser seg som samanfallande behov/ynskje. Dette er sett opp i eige vedlagt dokument.

Her må vi ikkje «gape» over alt, men ta ein og ein ting – og gjere det vi maktar. Samlingar for menneske midt i livet utpeikar seg begge stader. Etter diskusjon kom vi fram til at vi ynskjer å arrangere ei form for samtaletilbod tilpassa ikkje berre dei som vanlegvis går til kyrkje, men prøve å finne tema som er relevante og kan vekke interesse hos fleire.

Idear om samarbeid med t.d. Hyllestad og Høyanger, – kveldar på Alværa med kveldsmat og prat. Idear som Tid for tru, Alfakurs, tema knytt opp imot klima og miljø kom opp. Arbeid med fornying av gudstenesta vart også nemnt, kanskje lage gudstenesteteam som kan arbeide med dette.

Vedtak: Soknerådsmedlemmene tenker ut 1-2 tema vi kan tenke oss å ha på ein slik kveld, sender dei til Tonje, som samlar dette som forslag til neste møte.

Sak 2/2020 Mikrofon og høgtalaranlegg i kyrkja. Mikrofonen på lesepulten tek inn «alt», som pust o.l., her kan det vere nok å sette ei hette over. Den trådlause mikrofonen verkar ikkje alltid tilfredsstillande, den fell ut, og held ikkje på lading. Den eignar seg ikkje som songmikrofon.

Vedtak: Bjørnar tek ansvar for kontakt med selgarfirma når det gjeld reklamasjon på den trådlause, og innhenting av pristilbod på 2 mikrofonar som kan brukast til solosong.

Sak 3/2020. Arbeid med årsmelding og førebuing til årsmøte/kyrkjelydsfest. Årsmeldinga skal vere ferdig innan utgangen av februar. Toril, Geir og Tonje arbeider med dette. Den vert send ut til medlemmene for gjennomlesing og /eller kommentarar før årsmøtet.

Vedtak:

Årsfest/kyrkjelydsfest vert **torsdag 27.februar kl 17 på Alværa** med kjøttkakemiddag, kaffi, kaker, årsmelding og Quiz. Vi legg invitasjonar i postkassene der vi bed om påmelding. Gunnbjørg vert spurd om å tromme i hop litt korpsmusikk v/ born, Olav vert spurd om å lage quiz (same proseyre as every year). Kakebaking avtaler vi på facebook eller messenger.

Sak 4/2020 Høyanger bedehus. Bjørnar orienterte om saka. Huset er eigd av Høyanger indremisjon/Sogn og Fjordane Indremisjon, som no vil avvikle det. Ein klausul ved tomta seier at det enten skal vere bedehusverksemד eller ingenting der.

Fellesrådet ved Kyrkjeverje er i dialog med kommunen (møte i morgon), der ein bed om 4 mill kroner til restaurering av huset dersom ein kan overta det vederlagsfritt. Målet er i tilfelle å få til eit kyrkjelydshus i Høyanger – noko som har vore eit sakn i alle år. Ein tenkjer seg at drifta av huset i tilfelle vil vere fellesrådet sitt ansvar, men at ein må rekne med utleigeinntekter på ca same nivå som årlege driftsutgifter (stipulert til ca 53 000). Alt avheng i 1. omgang av at Høyanger kommune ser seg i stand til å bidra med den ynskte summen.

Vedtak: Lavik sokneråd er positive til saka, føresett at ein har ein plan for at huset kan brukast av så mange som mogeleg, og gje inntekter nokonlunde i samsvar med driftsutgiftene.

Sak 5/2020. Godtgjersle til kasserar. Høyanger sokn og Kyrkjebø sokn sine rekneskap vert ført av Høyanger kommune som ein rekneskap under fellesrådet, etter tilvisning og kontering av kyrkjeverja. På Høyanger sørside og i Lavik er det lokale kasserarer som fører sokneråda sine rekneskapar. Etter drøfting i Høyanger kyrkjelege fellesråd er ein koment til at der sokna vel å ha lokal kasserar, skal kasseraren heretter få 600 kr i årleg kompensasjon for arbeidet, frå Fellesrådet.

Vedtak: Liv Aven får kr 600 i 2020 som kompensasjon for arbeidet med rekneskapet.

Sak 6/2020 Søknad om fjerning av benker i kyrkja. Det er kome ynskje frå Fjordbrass om fjerning av ytterlegare to benker framme i kyrkja med tanke på plass i samband med konsertar. Søknad om fjerning av benker skal sendast via prosten til bispekontoret. Den bør vere så informativ og tydelig som mogeleg. Det nye spørsmålet omhandlar benker som innhold søyler. Vi var på synfaring i kyrkja, og det er fleirtal for å imøtegå ynskjet frå Fjordbrass i 1. omgang.

Vedtak: Vi spør Jan Andre Systad om å lage 3D-teikning så vi kan få eit betre inntrykk av korleis det vil sjå ut. Vi må også ta stilling til/finne ut om det let seg gjere å fjerne den tidlegare omtalte bakre benken, då det er elektrisk ovn under den. Saka kjem opp på neste møte

Tilkomne saker

- Fjordbrass har fått løyve til å halde vårkonsert i kyrkja 3. april.
- I 2019 var det i Lavik sokn 1 innmeldt og 4 utmelde personar.
- Tonje har hatt kontakt med leiar i Hyllestad sokneråd om det er interesse for oppstart av barnekor i samarbeid med Hyllestad, fex med øving her og der 2. kvar gong. Dette ville vere ok med tanke på at borna kan verte kjende litt før dei likevel skal vere saman i konfirmanttida. Samstundes har kantor Gerda lufta ide om barnekor – Det er nok ikkje grunnlag for to kor, men vi er i utgangspunktet positive til kortanken, og vil sjekke litt meir kva som er mogeleg og interessant.
- Det er ikkje kome endeleg tilbod/svar frå «Naboen min» ang. Førespurnad om konsertopplegg i september. Torunn purrar.
- Gudtenesteplanen vart oppdatert. Sjå vedlegg. Den vert også lagt på facebook-sida til Lavik sokneråd.

For Lavik sokneråd: Torunn Styve, Referent

Bjørnar Otterstein, Sekretær

Samanfatting av visitasføredrag og spørjeundersøking

Lavik kyrkjelyd 2019

Biskopen sine punkt/ utfordringar som han vil ha tilbakemelding på i desember 2020:

1. Gå til gudsteneste regelmessig, og hald fram arbeidet med nye gudstenesteformer og kveldssamlingar.
2. Start arbeidet med å revidere trusopplæringsplanen slik at den svarer betre til røynda (Toril tek ansvar)
3. Få i gang samarbeid med Førde eller Hyllestad for ungdom etter konfirmantaler
4. Sjå om de kan få til ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.
5. Få tilsamlingspunkt for menneske midt i livet, gjerne undervisings- eller samtalekveldar

Utfordringar ut ifrå spørjeundersøkinga samanfatta av Geir Sørebø:

SAKLISTE FOR SOKNERÅDET:

1. Plan for å kalle, utruste og ta vare på frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden.
2. Arbeid med fornying av innhaldet i gudstenesta vår.
3. Plan for samtalekveldar i kyrkjelyden om vår kristne tru.
4. Tiltak for å gjøre kyrkjelydsarbeidet meir relevant for yrkesaktive.

UTFORDRINGAR: (Geir Sørebø):

- Ta vare på alt som fungerer godt (trusopplæring, inviasjon, inkludering, konserter, arbeid med gravferder, kyrkjelydsblad). (**Ansvar: sokneråd og tilsette**)
- Aktivt arbeid for å involvere frivillige til ulike tenester – også i gudstenesta. Arbeide med gudstenesta sitt innhald slik at den vert meir relevant og trusstyrkande. (**Ansvar: sokneråd og tilsette**)
- Arbeide med gudstenesta sitt innhald slik at den vert meir relevant og trusstyrkande. (**Ansvar: sokneråd, prest og andre tilsette**)
- Legge til rette for andre samlingar der vi samtaler om trua vår (**Ansvar: sokneråd**)
- Forkynning og tilrettlegging av ei god nattverdsfeiring (**Ansvar: prest**)
- Gjøre kyrkjelyden relevant for dei som er i yrkesaktiv alder (**Ansvar: sokneråd, prest og andre tilsette**)
- Gjøre kyrkja relevant for heile folket ved vår deltaking, førebilete og bøn. (**Ansvar: alle i kyrkjelyden**)